



**Møteprotokoll
for
Formannskapet**

Møtedato: 04.06.2014
Møtestad: Formannskapssalen
Møtetid: 09:30 - 15:00

Av 7 medlemmer var 6 til stades ved handsaming av sak 38, 39, 40, 43 - 48 og 50.

Av 7 meldemmer var 7 til stades ved handsaming av sak 41,42 og 49.

Kl. 10:00 kom Kari Erikstein og Anne Sofie Uthaug og orienterte om aktivitetane i kyrkja og planane for ny arbeidskyrkje (kyrkje/kulturhus).

Møtedeltakarar	Parti	Rolle
Anne Grete Eide	AP	Varamedlem
Henriette Fennelly	FrP	Varamedlem
Marit Samnøy Jøssang	KRF	Medlem
Sølvi Norunn Knudsen	SP	Varamedlem
Åshild Aamli	SAM	Medlem
Nils Marton Aadland	H	Ordførar
Lars L Barstad	V	Varaordførar

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti
Rolf Hansen	AP
Sigmund Larsen	FrP
Solbjørg Åmdal Sandvik	SP

Desse møtte frå administrasjonen:

Sakliste

Saknr **Tittel**

38/2014 Godkjenning av innkalling og sakliste

39/2014 Godkjenning av møtebok

- 40/2014 Referatsaker
- 41/2014 Aktuelle saker
- 42/2014 Orientering av rådmannen
- 43/2014 Økonomisk rapportering pr april 2014
- 44/2014 Revidering av driftsbudsjett for 2014
- 45/2014 Økonomiplan 2015 - 2018
- 46/2014 TV-aksjonen 2014 - Oppretting av kommunekomite
- 47/2014 Søknad om refusjon av kommunalt gebyr frå Meland Motorsportklubb
- 48/2014 Investeringsprosjekt - orientering om organisering, ansvar og prosjektstyring etter omorganisering
- 49/2014 Kommuneplan arealdel 2014-2026 - høyring og offentlig ettersyn
- 50/2014 Prioritering av områder - Søknad om tilskot til breibandsutbygging

38/2014: Godkjenning av innkalling og sakliste

Behandling:

Henriette Fennelly bad om permisjon frå kl. 12:00 og fekk innvilga dette. Ordførar orienterte om besøk frå Meland sokneråd kl. 10:00. Det vart gjort endringar på rekkefølge på sakslista, slik at sak 49 vart handsama etter sak 42 og sak 47 vart handsama etter sak 43. Etter det vart saklista følgd. I tillegg meldte ordførar opp ei ekstrasak og bad om at den vert handsama i møtet.

Vedtak:

Innkalling og sakliste med endra rekkefølge og 1 tilleggsak vert godkjent.

39/2014: Godkjenning av møtebok

Behandling:

Vedtak:

Møtebok frå møte 30.04.14 vart godkjent.

40/2014: Referatsaker

Behandling:

Det ligg ikkje føre skriv og meldingar.

Vedtak:

41/2014: Aktuelle saker

Behandling:

Følgjande saker vart tekne opp:

- Ordførar orienterte frå møte med ny eigar av Frank Mohn AS
- Formannskapsmedlemmene har fått innkalling til møte med Fylkesmannen 18.6.14 om farleiltaket nordleg innsegling til Bergen.
- Formannskapsmedlemmene har fått invitasjon til møte i Bergensalliansen 23.6.14.
- Ordførar tilbakemeldte frå:
Avdukinga av Ivar Aasen-stauen
opning av gjenvinningsstasjonen på Mjåtveit
jubileumsfest på Nordhordland Folkehøgskule.
- Lars Barstad ønskte å få lagt fram status for symjeundervisninga i kommunen.
Spørsmålet vert oversendt Utval for levekår.
- Lars Barstad ønskte ein statusrapport og utfordringsbilete for alle dei kommunale tenesteområda, ikkje berre barnehagesektoren.
Konklusjon i møtet: Det blir lagt opp til dette på 1. møte etter ferien.

Vedtak:

Formannskapet tek orienteringane til etterretning.

42/2014: Orientering av rådmannen

Behandling:

Det vart orientert om følgjande:

- Møteplan for hausten er undervegs.
- Det er diverre ikkje søkt om tilskot til ladestasjonar for el-bilar innan frist, dette grunna kapasitetsproblem. Det kjem truleg fleire søknadsrundar.
- Tilbakemelding frå plankonferanse i Austevoll i mai:
Nyttig konferanse - det kunne gjerne vore fleire med frå Meland kommune.
- Er i gang med rekruttering av ny NAV-leiar. Det er lyst ut etter ny styrar i Marihøna barnehage, som no vert eige tenesteområde. Det vert arbeidd med å finne ei løysing for Læring og utvikling.
- Tilbakemeldte frå tur til Island i regi av KLP.
- Ordførar og rådmann har hatt undervisningsdag på Sagstad skule med tema lokalsamfunn.
- Meland Arbeids- og kompetansesenter (MAKS) har sagt opp leigeavtale for vaksenopplæringa. Eitt års oppseiing i avtalen - vil starte prosess for å finne alternativ løysing.
- Tilbakemeldte frå adm.gruppe - regionale areal og transportplan.
- Statens Vegvesen har signalisert iverksetting av trafikksikringstiltak på Fosse. Må utførast i tråd med planverk.

Vedtak:

Formannskapet tek orienteringane til etterretning.

43/2014: Økonomisk rapportering pr april 2014**Behandling:****Vedtak:**

Budsjettrapport med prognose for april 2014 vert teken til vitande

44/2014: Revidering av driftsbudsjett for 2014**Behandling:****Framlegg til vedtak i møtet:***** Ny tekst pkt 4:**

Utgiftsramma for alle tenestoområda rådmannen disponerer blir redusert med kr 1,8 mill. til kr 381,2 mill.

*** Nytt pkt 5:**

Innanfor ramma vert det ekstraordinært tilskot på kr 76 760,- til Meland Motorsportsklubb.

*** Nytt pkt 6:**

Kr 12,3 mill vert budsjettert som avsetting til disposisjonsfond.

Framlegg frå Marit Jøssang, KrF:*** Ny tekst punkt 4:**

Utgiftsramma for alle tenestoområda rådmannen disponerer vert redusert med kr 1,4 mill. til kr 379,7 mill.

*** Nytt punkt 5:**

Innafor ramma vert det gitt ekstraordinært tilskot på kr 76 760,- til Meland Motorsportsklubb. I tillegg vert Læring og utvikling styrka med kr 0,4 mill. til auka styrkingsmidlar.

***Nytt pkt 6:**

Kr 11,9 mill. vert budsjettert som avsetting til disposisjonsfond.

Det vart halde prøverøysting over framlegget frå Marit Jøssang, der dette fall med 1 røyst for (KrF), 5 røyster mot, (H, V, Ap, SP, SAM).

Endeleg avrøysting:

Adminstrasjonen sitt framlegg til vedtak pkt. 1, 2 og 3 vart samrøystes vedteke.

Framlegg til vedtak i møtet pkt 4,5 og 6 vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

1. Skatteinntektene for 2014 vert redusert med kr 3,8 mill til kr 181,6 mill.
2. Eigedomsskatteinntektene vert auka med kr 0,5 mill til kr 23,265 mill
3. Budsjettert kostnad til inndekning av tidlegare års meirforbruk vert redusert med kr 13,8 mill til kr 0.
4. Utgiftsramma for alle tenesteområda rådmannen disponerer vert redusert med kr 1,4 mill. til kr 379,7 mill.
5. Innafor ramma vert det gitt ekstraordinært tilskot på kr 76 760,- til Meland Motorsportsklubb. I tillegg vert Læring og utvikling styrka med kr 0,4 mill. til auka styrkingsmidlar.
6. Kr 11,9 mill. vert budsjettert som avsetting til disposisjonsfond.

45/2014: Økonomiplan 2015 - 2018

Behandling:

Vedtak:

Vedlagte økonomiplandokument vert vedteke med følgjande økonomiske rammer for perioden 2015 - 2018:

<u>År (tall i mill kr)</u>	<u>2015</u>	<u>2016</u>	<u>2017</u>	<u>2018</u>
Ramme netto inntekter	384,1	395,4	404,8	414,4
Sum utgiftsramme:	376,4	387,5	396,7	406,1

Planen vert lagt ut til offentlig ettersyn i samsvar med reglane i Kommuneleien § 44.

46/2014: TV-aksjonen 2014 - Oppretting av kommunekomite

Behandling:

Framlegg til vedtak i møtet:

Utval for levekår vert kommunekomiteé.

Følgjande personar er med i komiteen:

Kåre Skibenes
Elna Bjørndal
Mabel Johansen
Ørjan Kristiansen
Sølvi Knudsen
Astrid Anne Fjeldstad
Øyvind Oddekalv
Morten Sakstad
Erling Rønnestad

Administrasjonen i Meland kommune er sekretariat.

Dette framlegget vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Utval for levekår vert kommunekomiteé.

Følgjande personar er med i komiteen:

Kåre Skibenes
Elna Bjørndal
Mabel Johansen
Ørjan Kristiansen
Sølvi Knudsen
Astrid Anne Fjeldstad

Øyvind Oddekalv
Morten Sakstad
Erling Rønnestad

Administrasjonen i Meland kommune er sekretariat.

47/2014: Søknad om refusjon av kommunalt gebyr frå Meland Motorsportklubb

Behandling:

Framlegg til vedtak i møtet:

Søknaden om refusjon av gebyr frå Meland Motorsportsklubb vert avslått. Ekstraordinær støtte vert å ta stilling til under sak 44/14 - Revidering av driftsbudsjettet.

Dette framlegget vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Søknaden om refusjon av gebyr frå Meland Motorsportsklubb vert avslått. Ekstraordinær støtte vert å ta stilling til under sak 44/14 - Revidering av driftsbudsjettet.

48/2014: Investeringsprosjekt - orientering om organisering, ansvar og prosjektstyring etter omorganisering

Behandling:

Vedtak:

Kommunestyret tek saka til orientering.

49/2014: Kommuneplan arealdel 2014-2026 - høyring og offentleg ettersyn

Behandling:

Avklaring om habilitetsspørsmål: Lars Barstad, Henriette Fennelly og Anne Grete Eide fråtredde møtet under denne drøftinga. Bakgrunn for at spørsmålet om habilitet for desse 3 har kome opp er styrerepresentasjon i Meland Utbyggingsselskap AS. Også ordførar fråtredde under habilitetsdrøftinga, dette med bakgrunn i skriv lagt fram i kommunestyret 14.5.14.

Kåre Skibenes og Leif Johnsen tok sete ved drøftinga. Kåre Skibenes vart vald som setjevaraordførar. Formannskapet konkluderte med at alle 4 var habile til å handsama saka.

Samrøystes vedtak:

Ordførar Nils Marton Aadland, Lars Barstad, Henriette Fennelly og Anne Grete Eide er habile i sak 49 - Kommuneplan.

Ordførar Nils Marton Aadland, Lars Barstad, Henriette Fennelly og Anne Grete Eide tok sete ved handsaming av saka.

Framlegg til tilleggspunkt til administrasjonen sitt framlegg til vedtak:

Framlegget er ikkje ferdig drøfta i formannskapet. Ein vil drøfte dei ulike områda grundig etter at høyringsfristen er ute. Høyringsfrist vert sett til 01.10.14.

Vedtak:

Formannskapet i Meland legg ut kommuneplan, arealdel til offentleg ettersyn, i samsvar med plan- og bygningslova (pbl) §11-14. Plandokumentet omfattar planomtale, plankart og føresegner.

Framlegget er ikkje ferdig drøfta i formannskapet. Ein vil drøfte dei ulike områda grundig etter at høyringsfristen er ute. Høyringsfrist vert sett til 01.10.14.

50/2014: Prioritering av områder - Søknad om tilskot til breibandsutbygging

Behandling:

Vedtak:

Meland kommune søker om tilskot til breibandsutbygging for følgjande prioriterte områder:

1. Skurtveit - Rosslund – Vikebø – Rylandshøgda
 2. Fløksand – Brakstad – Tveit – Melandsvegen ned til Holme
 3. Dalemarka
 4. Beitingen
-